

# **Brannordning for kommunane Lindås, Meland og Modalen 2017-2020**



## INNHOLDSFORTEGNELSE

*Rev. 21.03.17*

|   |    |
|---|----|
| <b>1. Brannvernsamarbeid.....</b>                         | 3  |
| 1.1 Generelt.....   | 3  |
| 1.2 Beredskapsområder for Lindås og Meland brannvern..... | 3  |
| 1.3 Samarbeid om felles førebyggjande avdeling.....       | 4  |
| 1.4 Kommunedata.....                                      | 4  |
| 1.5 Brannrisiko og innsatstid.....                        | 4  |
| 1.6 Samarbeidsoppgåver.....                               | 5  |
| 1.7 Bemanning. Administrativt tilsett personale.....      | 6  |
| 1.8 Planar/rapportering.....                              | 6  |
| 1.9 Internkontroll.....                                   | 6  |
| 1.10 Instruksar.....                                      | 7  |
| <b>2. Organisering. Førebyggjande avdeling.....</b>       | 7  |
| 2.1 Førebyggjande.....                                    | 7  |
| 2.2 Feiing.....   | 7  |
| <b>3. Organisering av beredskapen.....</b>                | 7  |
| 3.1 Brannstasjonar.....                                   | 7  |
| 3.2 Naudmeldingsmottak og alarmering.....                 | 7  |
| 3.3 Samband.....  | 8  |
| 3.4 Leiing.....   | 8  |
| 3.5 Særskilte avtalar om hjelpe- og utsynsplikt.....      | 8  |
| 3.6 Reservestyrker – skogbrann.....                       | 8  |
| 3.7 Utskriving av mannskap.....                           | 8  |
| 3.8 Øvingar.....  | 8  |
| <b>4. Dimensjonering av beredskapen.....</b>              | 9  |
| 4.1 Dimensjoneringsgrunnlag.....                          | 9  |
| 4.2 Mannskap.....   | 9  |
| 4.3 Overordna vakt.....                                   | 10 |
| <b>5. Utrustning.....</b>                                 | 10 |
| 5.1 Personleg vern.....                                   | 10 |
| <b>6. Opplæring og kompetanse .....</b>                   | 11 |
| 6.1 Fagplanar.....  | 11 |
| <b>7. Økonomi.....</b>                                    | 11 |
| 7.1 Sær avtale for Modalen.....                           | 11 |
| <b>8. Godkjenning og oppseiling av brannordninga.....</b> | 11 |
| <b>9. Vedlegg til brannordninga.....</b>                  | 13 |
| 9.1 Vedlegg 01 – Særskilte risiko objekt                  |    |

## Brannvern samarbeid

### 1.1. Generelt

Samarbeidet om brannordninga er heimla i § 9 i brannlova, «*Etablering og drift av brannvesen*».

Denne brannordninga omfattar alt areal innafor grensene til kommunane Lindås, Meland og Modalen.

Felles namn for brannsamarbeidet blir Lindås, Meland og Modalen brann og redning.

Sambandsnamn blir LIMA.

Beredskapen innafor Statoil Mongstad sit område i Lindås kommune vert ivareteke av eige brannvern (jfr. eige avtale). Ved behov kan Statoil Mongstad be om assistanse/bistand frå det kommunale brannvernet i Lindås og Austrheim. Beredskapen på CCB Mongstad AS vert ivaretatt av industrivernet med bistand frå lokal brannvesen frå Lindås og Austrheim.

Brannordninga omfattar, felles brannsjef, førebyggjande brannvern, beredskap og feiing. For kommunen Modalen er feiar tenesta organisert med eigen avtale med Masfjorden kommune og er derfor ikkje med i avtalen.

For førebyggjande brannvern er det oppretta eigen avtale mellom kommunane Lindås , Meland, Austrheim, Gulen, Masfjorden, Modalen, Radøy, Solund og Fedje (NGIB).

Brannordninga etter denne avtalen gjeld mellom Lindås, Meland og Modalen kommune.

Brannordninga er organisert etter vertskommuneprinsippet etter kommunelova § 28b der Lindås kommune er vertskommune.

Fordeling av kostnadene (drift og investering) skjer etter folketal pr. 01.01 for gjeldande budsjettår og med avrekning basert på rekneskap etter budsjettåret sin ende. Modalen kommune betalar i tillegg eit kontantbeløp (sjå samarbeidsavtalen).

Investering skal vertskommunen ha ansvar for, men avskriving dvs. avdrag og renter på lån av investeringane skal fordelast etter fordelingsnøkkelen.

Alle arbeidsoppgåver med beredskap og feiing heimla i brannlova med tilhøyrande føresegner og retningslinjer er for kommunane Meland og Modalen delegert til Lindås kommune. Det same gjeld andre beredskapsoppgåver som brannvernet vert nyttta til slik som trafikkulukker, drukningsulukker, leiteoppdrag, olje/kjemikalievern m.m.

### 1.2. Beredskapsområder for Lindås, Meland og Modalen brannvern

Brannvern regionen er delt opp i 3 brannvern områder der Knarvik brannstasjon er hovud brannstasjonen for heile regionen. Lindås brannstasjon i varetek brannvern område for Lindås

nord og Modalen brannstasjon i varetek brannvern område for Modalen kommune. Der det er naudsynt vil det bli ytt bistand mellom brannvern områda.

### **Samarbeid om felles førebyggjande avdeling**

Samarbeid om felles brannførebyggjande avdeling omfattar kommunane Lindås, Meland, Austrheim, Gulen, Masfjorden, Radøy, Solund, Modalen og Fedje. Dette samarbeidet blir regulert i eigen avtale (NGIB).

## **1.3 Kommunedata**

### **Lindås, Meland og Modalen**

Hovudtal. **Tabell 1.4.1.**

| Areal                        | 980 km2 | Kommunenr. |
|------------------------------|---------|------------|
| Meland                       | 7 812   | 1256       |
| Modalen                      | 381     | 1252       |
| Lindås                       | 15 607  | 1263       |
| Totalt folketal pr. 01.01.17 | 23 800  |            |

Tettstader **Tabell 1.4.2.**

| Namn på tettstad              | 500-2000 innb | 2000-8000 innb |
|-------------------------------|---------------|----------------|
| Lindås                        | 1900          |                |
| Knarvik/Alver/Flatøy/Frekhaug |               | 9000           |
| Mo i Modalen/Øvre Helland     | 383           |                |

## **1.4 Brannrisiko og innsatstid**

Innsatstidene til særskilte risikogrupper går fram av tabellane (sjå vedlegg 1).

Frå nærmeste brannstasjonane til desse risikoobjekt variera innsatstida frå 10-15 min. Det er likevel nokon unntak td Eikefet tunellen og omsorgsbustader på Vikebø og Ostereidet (Ostertunet).

Dei største tettstadane i dei tre kommunane ligg innafor desse tidene.

For nord austre del av Lindås og nord vestre del av Meland vil innsatstida variera mellom 15- og 35 min og for områda lengst nordaust i Lindås vil innsatstida koma opp i 45 min.

Dette vil også gjelda for område Øvre Helland og deler av Eksingedalen. Tida gjelder ved utrykking frå brannstasjonen på Mo. Det er eit depot på øvre Helland som gjer at ein kan iverksetja tidligare innsats men med begrensa resursar og utstyr.

Modalstunet ved Øvre Helland har ein innsatstid på 30 min frå Mo stasjon. Det er ein innsatstid på 10 min frå stasjonen på Øvre Helland (depo). Denne bilen har ikkje med vann.

Vann må da hentas frå kommunalt vann verk eller frå elva. Tankbilen og «framskutt enhet» frå Mo brukar ca 30 min før dei er framme ved sjukeheimen.

Den største brannrisikoen i kommunane er konsentrert i og omkring dei største tettstadane, Knarvik /Alversund / Frekhaug, Lindås og Mo med innsatstid på ca 10 min. I desse tettstadane ligg og brannstasjonane og beredskapspersonellet skal rekrutterast i rimeleg nærleik til desse.

I dei øvrige områda i kommunane er det meir spreidd utbygging med mindre tettstadar. Vegstandaren på hovudvegane i desse områda er bra og størstedelen av desse områda vert dekkja innafor ei innsatstid på om lag 35 min.

Etablering av spesielle brannobjekt i desse områda vil innebera ei vurdering av ein lokal brannberedskap. Slik etablering er for eksempel Ostertunet ved Ostereidet der innsatstida pr.dd er 22 -25 min frå hovudstasjonen. Denne tida vil variera mellom dagtid og kveld/natt grunna ulik organisering.

Ein kvar innbyggjar har krav til bistand ved akutte situasjonar uavhengig av kommunegrensa. Dette vil føre med seg fleire utsykningar over kommunegrensa mot Bergen. Adresser rundt Steinestø – Salhus – Hordvik og Hylke er områder som Lindås, Meland og Modalen Brann og redning vil kunne bli utalarmert til etter an modning frå 110 sentralen.

Regionen har svært stor transport av farleg gods på veg og sjø særleg til og frå Statoil sitt raffineri på Mongstad, men og til forsyningsbasen for offshoreindustrien på Mongstad sør og gjennomgangstrafikk som følgje av Nordhordlandsbrua og nye tunnelar på vegen til Sogn. Med brannstasjon i Knarvik og Lindås vil innsatstida ved uhell på veg til og frå Statoil Mongstad vera mellom 10-20 min (avhengig av tid på døgnet).

## 1.5 Samarbeidsoppgåver

Denne brannordninga omfattar følgjande oppgåver:

Alle ansvarsområder heimla i brannlova med tilhøyrande føresegner og retningsliner.

Brannslokking og utsykking til ulykker og oljevern.

First responder teneste

Helseoppdrag

Beredskaps utrustning.

Opplæring og kompetanse.

Objektsyn

Planverk

Innkjøp

Økonomi, personal- og fagansvar

Rapportering til nødvendige instansar

Aktør i forbindelse med kommunal krise

Vedlikehald av bilar og utstyr

Assistanse til kommunalteknisk avdeling ved akutte hendingar

Feiling og tilsyn med bustader (unntak for Modalen som har annan avtale)

Førebyggjande avdeling er regulert i særskild avtale

## 1.6 Bemanning

### Administrativt tilsett og dagtidstilsett personale Knarvik stasjon.

|   |           |
|---|-----------|
| Brannsjef, felles for alle kommunane    | 1 årsverk |
| Avdelingsleiar beredskap/ varabrannsjef | 1 "       |
| Avdelingsleiar førebyggjande            | 1 "       |

### Beredskapavd.

|                                     |     |
|-------------------------------------|-----|
| Brannkonstablar / Utrykkingsleiarar | 5 " |
|-------------------------------------|-----|

### Brannførebyggjande avd

|                             |       |
|-----------------------------|-------|
| Branninspektørar/ingeniørar | 3.5 " |
|-----------------------------|-------|

### Avd feiar/bustad tilsyn.

|                               |                         |
|-------------------------------|-------------------------|
| Senior rådgivar bustad tilsyn | 1 "                     |
| Feiar svennar                 | 3 "                     |
| Feiar lærling (etter behov)   | (1 ) " (frå haust 2017) |

|                     |                     |
|---------------------|---------------------|
| Totalt tal årsverk: | 15.5 Årsverk. + (1) |
|---------------------|---------------------|

## 1.7 Planar/rapportering.

Brannsjefen skal innan utgangen av kvart år utarbeida ein plan over brannverntiltak for neste år. Planen skal leggjast fram for kommunestyret i kommunane innan utgangen av februar kvart år.

Vidare skal det ved årskiftet utarbeidast ein årsrapport for heile avdelinga. Planar og årsrapportar skal arkiverast i tilknytning til brannordninga som vedlegg. Brannsjefen skal i naudsynt omfang utarbeida eller samordna beredskapsplanar. Brannsjefen skal naudsynt utarbeida innsatsplanar for større risikoobjekt.

## 1.8 Internkontroll.

Det er etablert internkontrollsysteem i brannvernet som skal sikra at alle krav til helse, miljø og tryggleik vert stetta.

Dette inneber systematisk tiltak som m.a. skal medføra at:

- Tryggleiken til personellet vert ivaretake
- Alt personell vert legeundersøkt ikt krav
- Nødvendig opplæring vert gitt
- Rutinar og prosedyrar blir utarbeida og implementert i heile styrken
- Brannvernet ikkje påfører annen person skade.
- Skal ivareta helse til tilsette gjennom tiltak som er i tråd med lov og forskrift

## 1.9 Instruksar

Leiar og mannskapa er underlagt instruksar/retningslinjer som sikrar at brannvernet sine plikter etter brannlovgjevinga vert stetta og som ivaretar krav i internkontrollforskrifta.

## 2. Organisering av førebyggjande arbeid

### 2.1 Førebyggjande

Avdelinga er organisert i eigen avtale (NGIB).

### 2.2 Feiing

Feiarstellet er ein del av Lindås og Meland sitt lovpålagde brannførebyggjande arbeid og skal vera slik bemanna at feiing og tilsyn vert utført i samsvar med ”*Forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn*” av 01.01.2016.

Modalen kommune har egen feiar tenesta. Denne avtalen blir vidareført inn i samarbeidet. Det blir stilt same krav til kvalitet og dokumentasjon også for den innleidde feiar tenesta. Faglig ansvarlig for denne tenesta er brannsjefen i samarbeidet.

## 3. Organisering av beredskap

### 3.1 Brannstasjonar

Innafor brannvern regionen skal det vera:

Ein hovudbrannstasjon plassert i Knarvik området.

Ein lokalstasjon plassert på Lindås/Mongstad området.

Ein lokalstasjon plassert på Mo for Modalen brannvern område og eit deponi ved Øvre Helland.

### 3.2. Naudmeldingsmottak og alarmering

For varsling av brann, ulykker og oljevern innafor heile regionen kan dette meldast over telefon 110.

Regionen er tilslutta internkommunal varslingssentral (110 Bergen) som varslar befat og mannskap ved samband/personsøkjær. Lindås, Meland og Modalen brann og redning kan også verta varsla frå AMK Bergen eller Nordhordland Legevakt via 110-sentralen.

For varsling av uhell, skadar, brot m.v på dei kommunaltekniske anlegga for vatn, avlaup og veg utanfor normal arbeidstid kan dette varslast til vakthavande brannsjef.

Den enkelte kommune skal i så fall inngå eigne avtaler om dette.

Akutte hendingar der det er fare for liv og helse skal alltid først varslast via 110 sentralen.

### **3.3. Samband**

Beredskapen sitt samband inngår i radionettet som felles for brann- og helsetenesta.

Kostnadane til nytt naudnett, TETRA, vert fordelt på samarbeidskommunane etter avtalt fordelingsnøkkelen.

### **3.4 Leiing**

Brannvernet si leiing under innsats vert ivareteke av brannsjefen eller den som, av brannsjefen, vert gjeve mynde til å føra kommando på hans vegne.

### **3.5 Særskilte avtaler om hjelpe- og utrykkings plikt.**

Brannvernregionen har inngått beredskapsavtalar med:

- Bergen brannvesen
- Hordaland sivilforsvarkrets
- Radøy brannvern
- Austrheim brannvern
- Masfjorden brannvern

I tillegg har Lindås kommune eigen beredskapsavtale med Statoil Mongstad.

Avtalane er ein del av denne brannordninga.

### **3.6 Reservestyrker-skogbrann**

Det er inngått avtale med Sivilforsvaret sin FIG gruppe. Knarvik stasjon er også lagringsplass og oppmøteplass for Sivilforsvarets FIG gruppe. Dagkasernert mannskaper i Knarvik har vedlikehalds ansvar for FIG gruppa sitt utstyr.

### **3.7 Utskriving av mannskap**

For rekruttering av personell til dei oppgåvane denne beredskapen omfattar gjeld §. 17 i brannlova.

### **3.8 Øvingar**

Brannvernet skal utarbeida årleg øvingsplanar som sikrar at leiarane og mannskapa får øving nok til at kompetansen kan vedlikehaldas og utviklast til å kunna løysa alle dei oppgåvane som brannvernet skal ha beredskap for. Pr dd er dette 40 timer.

Opplæring og øvingar skal stetta krav i *"Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvern"* Kap 7 og krav i internkontrollforskrifta.

## 4. Dimensjonering av beredskapen

### 4.1. Dimensjonerings grunnlag

I dimensjonerings grunnlaget skal det i takast omsyn til tettstadstrukturen og folketal i desse. I tillegg vil særskilte objekt (risikoobjekt) med krav til innsatstid medføra konsekvensar for beredskaps nivået og organisering. Krava gjelder også i forhold til anna risiko i regionen.

Med ein tettstad på over 8000 innbyggjarar skal det vera kassernert dagvakt. Den kassanert dagvakta er fast tilsett personell på dagtid (kl 08:00 – 15:30).

Tettstaden Knarvik/Alver/Flatøy/Frekhaug har om lag 9000 innbyggjarar og har derfor krav om kassernert dagvakt. Jmf. Dimensjoneringsforskriften § 5-3. Det er pr.dd 5 stk dag kassernert mannskap.

### 4.2. Mannskap

Med grunnlag i Forskrift om organisering og dimesjonering av brannvesen § 5-3 og kartlagt risiko, vert beredskap organisert med kassernert dagvakt med følgjande personell:

- 1 utrykningsleiar
- 1 sjåfør mannskapsbil
- 2 røykdykkarar
- 1 sjåfør tankbil

Heiltidstilsette skal så langt som mulig inngå i beredskapen etter normal arbeidstid fortrinnsvis som utrykkings leiarar (iht Dimmnesjoneringsforskrift).

Alle heiltidstilsette og deltidstilsette i brannvernet skal til ein kvar tid oppfylle krav om kompetanse, satt i «*Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen*» § 7.

Utanom dagtid vert beredskapen organisert i vaktlag (der det er naudsynt), med deltidspersonell med fast vaktordning slik:

#### Knarvik brannstasjon (organiserast med 5 delt vaktordning):

5 lag der kvart lag utgjer:

- 1 utrykningsleiar
- 1 sjåfør mannskapsbil
- 2 røykdykkarar
- 1 sjåfør tankbil (støtte resurs)

Totalt 5 personar pr. vaktlag + vakthavande befat (dekker heile brannsamarbeidet)

Totalt 25 personar tilslutta Knarvik stasjon. I tillegg kjem vikarar (varierande antall, ca 5 stk)

#### Lindås brannstasjon (organiserast med 5 delt vaktordning):

5 lag der kvart lag utgjer:

1 sjåfør mannskapsbil  
2 røykdykkarar

Totalt 3 personar pr. vaktlag + vakthavande befat

Totalt 15 personar tilslutta Lindås stasjon.

Dersom det gjerast vedtak om etablering av høgdereiskap/snorkel uløyser dette krav til ekstra bemanning Jmf Dimensjoneringsforskriften § 5-2.

#### **Modalen brannstasjon (utan rullerande vakt):**

16 stk utan rulerande vakt. Ikkje røykdykkar teneste. Overordna vakt (vakthavande befat) i saman med kommunane Lindås og Meland.

### **4.3. Overordna vakt**

Overordna vakt etter normalarbeidstid organiserast som 5 delt vaktordning på lik linje med vaktmannskapa.

Brannsjefen og varabrannsjefen skal inngå fast i denne, Jmf Dimensjoneringsforskriften § 5-6, 2 ledd. Andre som inngår i denne vaktordninga har same krav til utdanning som brannsjefen.

Totalt 1 person pr vaktlag

Totalt 5 personer

Beredskaps avdelinga tel til saman 61 personar, i tillegg kjem vikarar etter behov.

## **5. Utrustning**

### **5.1. Personleg vern**

Prinsippet «rein brannmann» skal følgjast for å unngå eksponering av farlig gass/røyk/stov. Dette gjelder frå innsats, ved vasking av utstyr og biler og til personlig hygiene. Det skal leggjast til rette slik at dette kan praktiserast etter gjeldande krav (garderobe, utstyr ol). Kravet om «rein brannmann» gjelder også for alle stasjonar i samarbeidet.

Alt personell skal i innsats nytta utelevert vernebekledning. All vernebekledning skal til ein kvar tid være godkjent.

Ansvar for at dette vert nytta ligg hos den enkelte i samarbeid med leder beredskap og verneombod.

Det er også innført rutine for egen HMS-funksjon ved store innsatsar. Den funksjon opprettast av vakthavande befat i kvart einskild til høve.

## **6. Opplæring og kompetanse.**

### **6.1. Fagplanar**

Leiar og mannskap skal gjennomføra opplæring som tilfredsstiller dei krav som føresegne om organisering og dimensjonering stiller (Kap. 7), samt den opplæring ut over dette som er naudsynt for å gjennomføra særskilde oppgåver som er tillagt brannvernet.

Det skal utarbeidast utdanningsplan for brannsamarbeidet som, til ein kvar tid, sikrar rett kompetanse i alle ledd.

Opplæringsplanen skal reviderast av brannsjefen min ein gong i året og takast med i budsjett planane.

## **7. Økonomi**

Arbeidet med rulleringsplan for utskifting av større bilar og utstyr må også gjelda bilar og utstyr i alle kommunane. Dette skal lagast for heile brannsamarbeidet og inngå i ein fast rulling. Fordeling av kostnadane er regulert i eigen samarbeidsavtale mellom kommunane.

Brannsjefen og hans avdelingsleiarar skal driva operativ arbeid innanfor ramane dei til ein kvar tid får tildelt.

### **7.1 Særavtale for Modalen kommune**

Bilar og utstyr som Modalen eig skal vere med inn i samarbeidet.

Drift/vedlikehald vert ivareteke av samarbeidet. Modalen kommune står framleis som eigar av sine brannbilar og dei vert derfor ikkje omregistrert. Ved ein eventuell retrett (oppseiing) frå avtalen vil bilane og utstyret tilhøyra Modalen Kommune. Ved seinare trøng til utskifting av bilar vil dette verte gjort av samarbeidet.

Stasjonen på Mo skal utbetras slik at den tilfredsstiller krav til «rein brannmann». Ansvaret og kostnadane til dette tar Modalen kommune.

Leige av stasjonen blir belasta brann og redningstenesta (Lindås kommune).

Med i avtalen er kostnader til TETRA, 110 og IUA. Kostnader til Sivilforsvarets lager vert halde utanfor (gjeld også for Lindås og Meland).

## **8. Godkjenning og oppseiing av brannordninga**

Kommunestyra i alle kommunane skal godkjenne og kan gjere endringar i denne brannordninga.

Brannordninga skal reviderast min kvart 4 år, første gong innan utgongen av 2020.

Brannordninga kan seiast opp av partane innan 1.jan. og med 2 års varsel.

Avtalen kan seiast opp med kort varsel (3 mnd) ved etablering av større brannsamarbeid i regionen (t.d prosjekt «Nordhordland brann og redning»).

Knarvik, \_\_\_\_\_

Frekhaug, \_\_\_\_\_

Modalen, \_\_\_\_\_

Ordførar i Lindås

Ordførar i Meland

Ordførar i Modalen

---

Astrid Århus Byrknes

---

Øyvind Oddekalv

---

Tom Kristian Thorsen

Vedlegg 01:

**Innsatstid:**

I forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen § 1-5 er innsatstid definert som tida frå innsatsstyrken er alarmert til den er i innsats på brann-/skadested.

Innsatstid deles inn i 2 fasar:

Forspenningstid – Den tid det tar frå styrken er alarmert til de kjører ut.

Kjøretid – Den tid det tar å kjøre til brann-/skadested.

Innsatstida blir da regnet ut på følgjene måte:

**Forspenningstid + kjøretid = Innsatstid.**

Dimensjoneringsforskriften § 4-8 Innsatstid:

*«Til tettbebyggelse med særlig fare for rask og omfattende brannspredning, sykehus/sykehjem mv. strøk med konsentrert og omfattende næringsdrift o.l., skal innsatstiden ikke overstige 10 minutter».*

**Forspenningstid:**

Forspennings tid i Lindås, Meland og Modalen brann og redning kan klassifiseras inn i to hovedgrupper:

Dagtid. Kl.08.00 - 15.30:

Mannskapet er kasernert i Knarvik Stasjon og vil ha ein forspenning på ca.1 min.

Kveldstid Kl.15.30 - 08.00 + Helg

Personell har heimmevakt og forspenningstid vil variere etter kven som har vakt og beliggenheten på bu pel. Men forspenningstiden vil uansett være noko lengre på kveldstid. Gjennomsnitt ca. 5 min

**Kjøretid:**

Kjøretida, som er en del av innsatstida, beregnas etter fartsgrensene på aktuelle strekningar. Fartsgrensen er satt etter kva som vurderas som forsvarlig hastighet på strekninga ut i frå ein risikobetrakting, og brannvesenet bør derfor ikkje planlegge for kjøring med høyere hastighet.

I denne forbindelse har brannvernet fortatt en reel tidtaking av faktisk kjøretid til de særskilte objekta referert i brann ordninga, til kommunane Lindås, Meland og Modalen.

Rapporten er basert på at kjøretida er målt ut i frå når:

- Trafikkgrunnlaget er på eit lavt nivå
- Normale lys forhold (dagslys)
- Normale føreforhold

Fart tilpassa fartsgrenser på aktuelle strekningar.

**Tabell 1.4.3 (viser kunn kjøretid)**

| <b>Objekt</b>                     | <b>Sted</b>   | <b>Innsatstid fra<br/>Lindås<br/>brannst.</b> | <b>Innsatstid fra<br/>Knarvik<br/>brannst.</b> | <b>Innsatstid fra<br/>Mo</b>    |
|-----------------------------------|---------------|---|--|---------------------------------|
| Lindåstunet                       | Lindås        | 10  | 30   |                                 |
| Lindås bu og service senter       | Lindås        | 10  | 30   |                                 |
| Lindås butikksenter               | Lindås        | 10  | 30   |                                 |
| Lindås hotell                     | Lindås        | 10  | 30   |                                 |
| Industriomr. Mongstad sør         | Mongstad      | 15  | 40   |                                 |
| Knarvik sjukeheim                 | Knarvik       | 30  | 10   |                                 |
| Såta sjukeheim                    | Knarvik       | 30  | 10   |                                 |
| Alver hotell                      | Alversund     | 30  | 10   |                                 |
| Knarvik butikksenter              | Knarvik       | 30  | 10   |                                 |
| Knarvik industriomr.              | Knarvik       | 30  | 10   |                                 |
| Dalsgrend industriomr.            | Dalsgrend     | 25  | 25   |                                 |
| Eikefet industriomr.              | Eikefet       | 40  | 25   |                                 |
| Eikefetstunnelen                  | Stall/Eikef.  | 35  | 25   | 25                              |
| Ostertunet                        | Ostereidet    | 30  | 20   | 35                              |
| Meland sjukeheim                  | Frekhaug      | 35  | 10   |                                 |
| Nordhordland folkehøgskule.       | Frekhaug      | 35  | 10   |                                 |
| Industriområde                    | Flatøy        | 35  | 10   |                                 |
| Industriområdet Mjåtveit          | Frekhaug      | 35  | 10   |                                 |
| Frekhaug senter                   | Frekhaug      | 35  | 10   |                                 |
| Meland Aktiv                      | Frekhaug      | 35  | 10   |                                 |
| Meland rådhus                     | Frekhaug      | 35  | 10   |                                 |
| Industriområde Hjertås            | Hjertås       | 40  | 15   |                                 |
| Rossland senter                   | Vikebø        | 50  | 20   |                                 |
| Mo skule                          | Mo            |   | 50   | 10                              |
| Modalstunet- 16 sengeplasser      | Øvre Helland  |   | 1t 10 min                                      | 10 min- Øvre Helland/30 min- Mo |
| Kroa                              | Mo            |   | 50   | 10                              |
| Helsebygget                       | Mo            |   | 50   | 10                              |
| Coop bygget                       | Mo            |   | 50   | 10                              |
| Bryggeslottet idrett og kulturhus | Mo            |   | 50   | 10                              |
| Kirke                             | Mo            |   | 50   | 10                              |
| Rådhuset/kommunehus/ samfunnshus  | Mo            |   | 50   | 10                              |
| Modalen barnehagen                | Nedre Helland |   | 1t 10 min                                      | 20                              |
| Samfunnshus                       | Øvre Helland  |   | 1t 10 min<br>1t 15 min                         | 10 min- Øvre Helland/30 min- Mo |
| Norddalshytta -26                 |               |   |  |                                 |

|              |              |  |           |                                 |
|--------------|--------------|--|-----------|---------------------------------|
| sengeplasser |              |  |           |                                 |
| Uni Micro    | Øvre Helland |  | 1t 10 min | 10 min- Øvre Helland/30 min- Mo |

### Særskilte risikoobjekt:

| <b>Lindås kommune</b> |                |
|-----------------------|----------------|
| A objekt              | 93 stk         |
| B objekt              | 16 stk         |
| C objekt              | 1 stk          |
| <b>Totalt</b>         | <b>110 stk</b> |

| <b>Meland kommune</b> |               |
|-----------------------|---------------|
| A objekt              | 45 stk        |
| B objekt              | 8 stk         |
| C objekt              | 2 stk         |
| <b>Totalt</b>         | <b>55 stk</b> |

| <b>Modalen kommune</b> |           |
|------------------------|-----------|
| A objekt               | 13        |
| B objekt               | 9         |
| C objekt               | 0         |
| <b>Totalt</b>          | <b>22</b> |